



Tips til aktivitetar som kan styrke lesefellesskapet i lesekvarten




1. Snakk om det som er lese

Etter at elevane har lese stille i kvar si bok, kan elevane snakka saman om det dei har lese. Som ein samtalestartar kan læraren be elevane dela ei setning eller to frå boka.




2. Les med blyant i handa

Elevane kan få eit mikro-oppgdrag om å notere noko frå teksten som dei kan dele med gruppa eller klassen. Det kan til dømes vere ei setning eller to frå boka, eller eit ord dei har lagt merke til.



3. Del lesetips

Som ei avslutning på lesekvarten kan elevane koma med boktips. Dette kan dei gjera i plenum, i mindre grupper eller to og to.



4. Vis interesse for det elevane les


Det kan gjerast på fleire måtar:

- a.) Læraren kan gå rundt og spørja enkeltelevar om handlinga i boka, og kva dei trur skjer vidare.
- b.) Læraren kan lesa eit kort utdrag frå enkeltelevar sine bøker høgt i klassen, og kommentera utdraget.
- c.) Læraren kan henga opp framsider av bøkene som elevane les. Då blir det synleg at elevane er eit lesande fellesskap.




5. Ver eit lesande førebilete

For å styrka lesefellesskapet kan læraren også lesa stille i eiga bok saman med elevane.



7. Gjer valet av bok overkommeleg

For mange elevar kan eit stort utval av bøker i biblioteket gjera det vanskeleg å velja. Samarbeid gjerne med ein bibliotekar om å setja fram bøker å velja mellom, eller lag eit lite klassebibliotek.



6. Les ein annan plass

Alt elevane treng i lesekvarten er ei bok. Det betyr at dei ikkje treng å sitja ved pulten. Å variera plassen ein les på, kan forsterka lesefellesskapet.